

---

**Saksnr:** 2020/57936-1**Saksbehandlar:** Einar Ulla

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Kontroll av reiserekningar på politisk nivå - oppfølging av vedtak i FT-sak 37/19 - Sogn og Fjordane fk

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek oppfølginga av kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av føremålet med deltaking på kurs, konferansar og liknande arrangement vert teke med i reglementet for folkevalde

Samandrag

Kontrollutvalet fekk i 2019 gjennomført kontroll av reiserekningar på politisk nivå. Kontrollen viste at reiserekningane i hovudsak var tilfredsstillande legitimerede og dokumenterte, men at det vart funne nokre avvik, som fylkestinget vedtok å følgje opp.

Hogne Haktorsen  
Kontrollsjef

Einar Ulla  
Seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Folkevalde i Vestland - rettar og plikter
- 3 VS Oppfølging av FT-sak 3719 - dokumentasjon av reiserekningar
- 4 Oppfølging av FT-sak 3719 - Dokumentasjon av reiserekningar
- 5 SV Oppfølging av FT-sak 3719 - Dokumentasjon av reiserekningar
- 6 Kontroll av reiserekningar på politisk nivå - rapport

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet kom 11. februar 2019, under revisor si statusrapporteringa for finansiell revisjon, med ynskje om å få gjennomført kontroll av reiserekningar på politisk nivå.

Kontrollsjefen utarbeidde ei bestilling av kontrollen, som vart drøfta med utvalsleiar og revisor før den vart oversendt til SF revisjon som bestilling.

Føremålet med kontrollen skulle vere å få vurdert om reisene var tilstrekkeleg legitimerte og dokumenterte og om reisene vert korrekt utfylt, behandla og kontrollert.

Basert på gjennomførde kontrollar var reiserekningane etter revisor si vurdering i vedlagde rapport i all hovudsak tilstrekkeleg legitimerte og dokumenterte, korrekt utfylt, behandla og kontrollert. Føremålet med reiser knytt til interne politiske møter i fylkeskommunen er i all hovudsak tilfredsstillande legitimert.

Undersøkinga viste at andre type eksterne reiser som t.d. kurs, konferansar, møte m.m. ikkje tilfredstilte krava med vising til fylkeskommunen sine *Rutiner for yrkesreisande pkt. 5 om Reiserekning og dokumentasjon avsnitt nr. 3 b*). Revisor skriv at funnet er å sjå på som ein rutinesvikt. Kontrollen ga indikasjonar på at legitimering/føremålet med reiseaktiviteten ikkje har vore kontrollert/godkjent av administrasjonen og/eller fylkesordførar/fylkesvaraordførar eller utvalsleiar.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i sak 37/19 følgjande

1. Fylkestinget tek rapport etter kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av formål med, og førehandsgodkjenning av reiser får fokus ved utarbeiding av rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at:
  - a. Program, invitasjon og andre forklarande dokument skal leggjast ved under opplastingsfunksjonen «Generelle dokument» i startskjermBILETET i reiserekningssystemet (første skjermBILETE)
  - b. Eventuell godkjenning og kven som har gitt denne skal gå fram som skriftleg kommentar frå den som krev refusjon i sluttskjermBILETET
4. Tiltaka 3a og 3b vert innført og presisert for alle brukarar av reiserekningssystemet i dagens fylkeskommune

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp fylkestinget sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Oppfølging av Pkt 4 i vedtaket over, som gjeld oppfølging av pkt. 3a og 3b vart utført av Sogn og Fjordane fylkeskommune hausten 2019, der det mellom anna vart sendt ut melding om framgangsmåte for dokumentering av utlegg til alle politikarar (sjå vedlagde epost m/vedlegg).

Pkt. 2 i vedtaket gjeld rutinar og retningslinjer for Vestland fylkeskommune. I dokumentet «Folkevalde i Vestland – rettar og plikter» (vedlagt) pkt. 8.4.2 står følgjande:

*Ved deltaking på kurs, konferansar, folkemøte og liknande vert det gitt vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle. Det vert ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt dersom ein deltek i eigenskap av rollene nemnt under punkt 8.1.4.*

*Slik deltaking skal vera avtala og godkjent av fylkesordførar eller utvalsleiar.*

Førehandsgodkjenning er med dette på plass, men vi kan ikkje finne at det står noko om legitimering av føremålet ved deltaking nemnt over. Dette kunne vore presisert ved å krevje at program, invitasjon eller andre forklarande dokument skal leggest ved reiserekninga.

Det er viktig at legitimering av føremålet med deltaking er på plass slik at dette er tilgjengeleg for dei som skal kontrollere reiserekningar i etterkant.

Politisk sekretariat har i tlf.samtale med sekretariatet orientert om at det ikkje p.t er planlagt revisjon av godtgjersle-reglementet.

Sekretariatet rår kontrollutvalet til å be fylkesrådmannen sjå til at legitimering av føremålet med deltaking på kurs, konferansar og liknande arrangement vert teke med i framtidig revisjon av godtgjersle-reglementet for fylkeskommunen.

Konklusjon

Punkta 3 og 4 vart oppfølgt av tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune. Punkt 2 er ivareteke i «Folkevalde i Vestland – rettar og plikter» med unntak av legitimering av føremål ved deltaking på kurs, konferansar og liknande arrangement.